

PÅ HAALAND

Song til slektstreffet 2. juni 1996

(Etterkomarar etter Gjertrud f. Eskeland og Peder Toreson Haaland)

Melodi: Fagert er landet

Tekst: Bjørg Tove & Heidi Haaland

*Fager ligg Frajfjord i forsommardrakt
grønklede fjell oss omkransar.
Heggen har slått ut sin angande prakt,
å-susen syng og han dansar.
Haaland ligg høgt og fritt og godt !
Ver då velkomne - stort og smått -
Slektskap til minne og glede.*

*Oppe på Haaland slo ætta seg til
bygde ein gard og ein heim her.
Stridt det nok var sjølv om plassen var gild.
Arbeidet vart signa med vokster.
Mange ættledd har Reinå gått
Sveitta i Nordalen, Stølsvoddl slått -
Gledd seg til sola om våren !*

*Gjertrud og Peder med minnest i dag,
Medgang og motgang dei røynde
Likevel gjestmilde, glade i lag
Aldri si gudstru dei løynde
Slik vaks det fram ei heimekjær slekt
Og dei fortener vår respekt
Haaland vart 'heima' for mange !*

*Framleis ligg dalen omkransa av fjell
Bjødn er borte - men soja står
Dampen dei bytte med veg og tunnel -
Kvedna kan hende ei framtid får ?
Gjev at me lenge kan få sjå
Haaland i bløming slik som nå.
Sola får skine i skaret !*